

Innkalling til årsmøte i Aurland Husflidslag

i Hopastova måndag den 26.februar 2018 klokka 19⁰⁰

Sak 1

Årsmelding.

Årsmeldinga vert lagt fram på møtet

Sak 2

Rekneskap.

Sjå vedlegg, meir informasjon på møtet

Sak 3

Evaluering av julemessa

Som vi ser av rekneskapen, gjekk julemessa 2017 med eit greitt overskot, men overskotet var mindre enn i 2016. Her må styret ta ein del av skulda då me ikkje sjekka tilbakemeldingane som kom på årsmøtet i fjor.

Framlegg frå styret: Julemessekomiteen og styret kjem saman og går gjennom tilbakemeldingane frå dei siste årsmøta. Styret og julemessekomiteen lagar ei arbeidsfordeling i høve julemessa som har som føremål å lette arbeidet for alle. Leiar i laget kallar inn til møtet.

Sak 4

Aktivitetsplan

Kurs

I januar arrangerte vi sveipekurs i Flåm og i 13.-15.april arrangerer vi pilflettingskurs i Hardanger. Begge desse kursa er helgekurs. Sveipekurset var fullteikna og tre ungdommar som er med i Ung Husflid, var med på kurset. I mars arrangerer vi studiering i syng av bunadscape. Studieringen vert i Hopastova.

Vi vil gjerne vita om du har spesielle ønskje for kurs.

- Kva slags kurs ønskjer du å delta på i laget?
- Ønskjer du kveldskurs i Hopastova?
- Ønskjer du helgekurs i bygda eller andre stader?

Medlemsmøte

I vår vert det årsmøte som sjølvstøtt er for medlemmane. Husflidskonsulent Synøve Eriksen Vadøy kjem på medlemsmøte den 19.mars i Hopastova. Den 9.april vert det vaskemøte i Hopastova. I mai planlegg me våravslutning. Har du forslag?

Kva for innhald ønskjer du på medlemsmøta? Bør det vera eit tema eller er det greitt at me tek med eige handarbeid og deler og inspirerer kvarandre? Vi vil gjerne høyra kva du meiner.

Kor ofte ønskjer du å komma på medlemsmøte?

Turar

Våren 2017 arrangerte laget tur til Oleana. Turen var veldig vellukka for oss som var med. Styret føreslår tur til Bergen strikkefestival 28.-30.september. Strikkefestivalen skal vera på Norsk Trikotasjemuseum på Salhus. Dette vert ein helgatur. Du finn meir informasjon på nettet om du søker *Bergen strikkefestival 2018*.

Kva for turar ønskjer du? Helgeturar med overnatting eller dagsturar/ kveldsturar.

Har du eit ønskje om ein tur som husflidslaget kan arrangere?

Sak 5 Innkomne skriv

Viss du har noko du ønskjer vi skal ta opp på årsmøtet, må dette vera sendt til styret innan 24.februar

Sak 6 Val

Valstyret legg fram framlegg til kandidatar på årsmøtet

Ymse

Det vert enkel servering, kaffi og te.

Ta med ein liten premie til utloddinga.

Gamle og nye medlemmer er velkomne!

Helsing

styret i Aurland husflidslag